

# Jærbladet

PARTIPOLITISK UAVHENGIG AVIS. GRUNNLAGT 1949 AV JON FATNES.  
ANSV. REDAKTØR: KJELL OLAV STANGELAND  
ADM. DIREKTØR: IVAR RUSDAL

Telefon 51 77 99 00. Telefaks 51 48 37 40. Redaksjonens vakttelefon: 40 007 900. Jærbladet på nettet: www.jbl.no  
Postadresse: Postboks 23, 4349 Bryne. Besøksadresse: Meierigata 22, Bryne. Bekreftet opplag: 13.305.

Jærbladet arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale, oppfordres til å ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk Presseforbund, som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål.  
Adresse: Rådhusgt. 17, postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40, fax. 22 40 50 55.

## Post mortem

I juni i år vart det klart at Bryne postkontor, det siste postkontoret på Jæren sør for Sandnes, ville bli lagt ned saman med 148 andre postkontor, i 2014. Nå er det klart at også distribusjonsavdelinga på Håland sør for Bryne vil verta lagt ned same år.

Ved å flytta sorteringa av posten på Håland på Bryne til Forus, tek Posten endå eit steg når det gjeld rasjonalisering, effektivisering og sentralisering. At dette ville skje, kom ikkje særleg uventa sjølv om informasjonssjefen i Posten så seint som i juni sa at det ikkje var konkrete planar om å leggja ned på Håland.

Ved å flytta sorteringa av posten på Håland på Bryne til Forus, tek Posten endå eit steg når det gjeld rasjonalisering, effektivisering og sentralisering.

Distribusjonssjefane i Klepp og Time seier dei har visst om planane i over eitt år, og det vel sannsynleg at informasjonssjefen også visste om nedleggingsplanane for mindre enn fem månader sidan.

Nedlegginga betyr ny omstilling frå mange tilsette ved Posten i jærkommunane. Ikkje alle blir flytta til Forus i første omgang. Posten sukrar pillen ved å oppretta såkalla satelittar rundt på Jæren. For mange kan det likevel bli vesentleg større avstand til arbeidsplassen.

I følgje distriktssjef i Posten Norge AS har dei tilsette teke vel i mot meldinga om flytting. Representantar for dei tilsette er ikkje like kategoriske, men det verkar ikkje som nedlegginga på Håland skapar dei heilt sterke reaksjonane. Det kan ha samanheng med at dei tilsette i Posten etterkvart har vorte så omstillingsvane at ei endring frå eller til ikkje spelar så stor rolle.


Men mangel på reaksjonar kan også forklarast ut frå ei undersøking som Kunnskapssenteret De Facto har gjort på oppdrag for fagforbundet Lederne. Ein av konklusjonane der er at Posten er rasjonalisert i senk av moderne målstyring.

Rapporten som vart offentleggjort onsdag hevdar at dramatiske omstillingsprosessar i Posten har ført til ein usunn leiingskultur som har ført til stor misnøye hos mellomleiarar og postbud. Konsulentar skal m.a. ha fotfølgt tilsette med skjema og stoppeklokker.

Ei av dei som har utarbeidd rapporten, forskar Bitten Nordrik, seier til Dagens Næringsliv at tilsette nærmast blir behandla som robotar. Målstyringa har medført at dei tilsette ikkje vågar å stilla spørsmål, og at det å vert sett likskapsteikn ved det å vera lojal og det å vera lydig til leiinga.

Når dei tillitsvalde denne gongen går stilt i dørene i forhold til reaksjonane det har vore mot tidlegare effektiviseringstiltak, er det kanskje eit døme på ein slik lojalitet.

Professor i statsvitenskap Kjell Arne Røvik ved Universitetet i Tromsø som har følgt Posten i fleire tiår, seier til Dagens Næringsliv at Posten er i ferd med å rasjonalisera seg i hel, og at bedrifta derfor snart kan skifta namn til Post mortem.



### I DAG

## Grævligt stygt

**EIT SIKKERT PROV PÅ AT** ein begynner å verta vel vaksen er når ein irriterer seg over at språket er i endring og at barn og ungdom ikkje snakkar skikkeleg dialekt. At mange unge ikkje orkar å forma munnen til ein kj-lyd, men må lesa ein s for å få det til, slik at kjøttkaker vert skjøttkaker osv., har eg etterkvart vorte så van med at eg ikkje ensar det andre gonger enn når eg får beskjed om å betala sju kroner, og får protestar når eg betalar sju.

Verre er det når barnebarn, fødte og oppvaksne på min eigen heimstad, seier se i staden for sjå. Det ville ha medført bank i mi dredonjetid i stasjonsbyen om ein jamaldring hadde snakka så fint bymål. Sjølv sagt truar eg ikkje barnebarna med bank, men gir klar beskjed om at julegåvene står i fare kvar gong dei gløymer seg av og vil se i staden for å vilja sjå.

**DET GÅR OGSÅ MEIR OG** meir av moten å eta på Jæren. Nå skal det spisast. Me hadde rett nok også

ei spisestove i min barndom, så me visste kva det å spisa innebar. Men nåde den som skulle heim i middagsfriminuttet for å spisa. Det gjorde vedkomanden i så fall bare ein gong.

Det skjér derfor i øyrene på ein gammal jærbu når ei bok om den jærske dialekten har fått tittelen «Jysla jilt». Ikkje ein gong barnebarna som knotar se i staden for sjå bruker eit så u jærsk ord som jysla. Grævligt kan kanskje for sarte øyre høyrast grævligt stygt ut, men det er heilagbrøde å bruka ord som ikkje finst i dialekten for å forfina dialekten når ein skriv om dialekten.

**DESSUTAN ER IKKJE GRÆVLIGT** eit banneord slik mange trudde og trur. Ordet er ikkje ei forfining av det langt verre ordet som har noko med styggemannen å gjera, og som me lærde på skulen medførte at me kalla på han kvar gong med brukte det ordet, og som derfor kunne få konsekvensar når me ein gong skulle forlata denne jammerdalen.

Grævligt kjem frå eit ord som vart brukt også i overmøblerte heimar med flygel, nemleg grevelig. Som eigentleg er eit dansk ord, og som har noko med greve å gjera, og som på jærsk har blitt det same som voldigt, som dei, som synest grævligt blir for stygt, seier.

**MEN DET ER IKKJE LETT Å STÅ** mot påverknaden frå meir urbane område i nord. Det skapte reaksjonar hos lesarar av denne avisa då me brukte hundebæsj for det som før heitte hundelort, hundeskit eller hundedrit.

Bæsj som synonym for avføring var heller ikkje i bruk den tida eg gjorde slikt i bokså, men innser det blir meir og meir vanleg også på Jæren. Om nokre år er truleg kumøkk og grisalort for ufint å spreia på kjelvene, og bøndene på Jæren kjører i staden ut ku- og grisebæsj.

Kos